

Fra: "åsmund hove" <asiladden_@hotmail.com>
Sendt: mandag 29. juni 2026 15:10:11
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Birger Hagheim" <bihaghei@online.no>; "irenehove70@gmail.com" <irenehove70@gmail.com>
Emne: Klage på NVE sitt vedtak - utviding av fylkesveg - sak 2025/19874
Vedlegg: Skjerm bilde kart 05.06.26 side 13.png, Fw: Omprosjektering Teigane 26/6 og 26/20 - referat 28.11.2025, Brev nr 1 til Statnett ang utviding av fv - frå Hove og Pridla samdrift.docx

Til Energidepartementet


Viser til vedtak om konsesjon til STATKRAFT ENERGI AS - Søknad om konsesjonsendring Refsdal kraftverk og ny nettilknytning Målset kraftverk.
Dykkar sak 2025/19874.

Me representerer Hove samdrift DA og Pridla samdrift DA.

Me er heiltidsbønder, eigarar og aktive deltakarar i desse samdriftene som driv stort med mjølkeproduksjon i moderne lausdriftsfjøs. Me har investert tungt i landbruksdrift og er avhengig av å vera mest mogeleg sjølvforsynt med areal til grovfôrproduksjon. Me leiger ein del jord og har ikkje noko areal å mista.

I prosessen fram mot søknaden har me hatt kontakt med Statnett og meldt frå til dei, skrifteleg og i møte, at me treng all dyrka marka vår.

I forbindelse med utviding av fv 5601 ynskjer me at utvidinga skjer på oppsida for å unngå tap av den dyrka marka på nedsida av våre teigar. Sjå vårt fyrste brev til Statnett som ligg ved her.



Me har heile vegen fått forståelse for at dette vart godteke av konsesjonssøklar. Viser til vedlagt referat frå møte med Sweco og Statnett 28.11.2025

No ser me at vårt ynskje ikkje er kome med i vedtaket, jf kartet i vedlegg 5, hjelpeanlegg side 13, som viser at utviding av fylkesvegen er lagt på nedsida, dvs. på vårt fulldyrka areal. I NVE sin begrunnelse for vedtaket, kap. 4.6.4 «Landbruk og andre naturressursar» har NVE vurdert ulike høyringsinnspel som gjeld dyrka mark, men me kan ikkje sjå at vårt innspel er kome med i vurderingane.

Me mistenker at NVE ikkje har fått forelagt alternativet om utviding på oppsida som vil spara dyrka mark. Minner om det nasjonale jordvernmålet som vart vedteke av Stortinget i 2023 og skal sikre at Norges knappe matjordressursar vert teke vare på.

Slik planen er no vil me mista areal og erstatningsarealet som skal opparbeidast på nedsida av vegen vert ein bratt skråning, dvs. eit areal som er mykje vanskelegare og farlegare å driva med dagens landbruksmaskiner.

Arealet som vert teke til transformatorane i Refsdal tilhøyrer Petter Refsdal som er medeigar i Pridla samdrift. Slik planen er no vil heller ikkje samdrifta få att noko erstatningsareal. Resultatet vert at Pridla mistar ein svært stor del av produksjonsgrunnlaget. Saman med den nye strenge gjødselsbruksforskrifta vil tap av td 20 daa dyrka mark føre til at produksjonen av kjøt og mjølk må reduserast. Det er hard kamp om leigejord i kommunen, kjøp av fôr kostar og ein må uansett ha spreieareal til gjødsla.

På bakgrunn av dette klagar me på vedtaket og ber om at De tek omsyn til behovet for areal til grovfôrproduksjon.

Me klagar i tillegg på at det er planlagt eit riggområde midt på teigane våre med fulldyrka mark, same stad.

Mvh Hove samdrift DA og Pridla samdrift DA

Gbnr 26/20 er eigd av Åsmund Hove.

Gbnr 26/6 er eigd av Irene Hove og Birger Hagheim.